

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 29.05.2007 **Tid:** 15.00-17.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte , 6 inkl. 0 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Vidar Rolland

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet: Rektor Marit Kulild under meldingssaka "Ekstern vurdering". Ordførar Marit Aase under skriv og meldingar. Ass.adm.sjef Våge og pedagogisk konsulent Karin Steinsland under heile møtet.

Merknader: Nils Gåsdal kom til handsaminga av sakene kl. 16.00.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 30. mai 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Nils Gåsadal stilte spørsmål om kvifor den offentlege badinga ikkje heldt ope ut mai og fram til skuleferien.

Ass.adm.sjef viste til at det er Røde kors som driv dette, men at spørsmålet skulle bringast vidare til dei.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- ✓ Rektor Marti Kulild orienterte utvalet gjennomføring av den ekstern vurderinga på Gjerde skule; "Elevmedverknad". (Vedlagt presentasjon)
- ✓ Ordføraren orienterte om programmet i jubileumsveka 11-17. juni
- ✓ Ass..adm.sjef orienterte om følgjande;
 - Ættesoga – Kvale vil verte invitert til neste møte for å orientera om status.
 - Ny barnehage på Gjerde – val av anbod kjem opp som eiga sak på torsdag 31 mai.
 - Bustadsosial handlingsplan – notat om status vart delt ut i møtet og utvalet får orientering om status i neste møte.
 - PPT- Samnanger har hatt ein intensjonsavtale om kjøp av PPT frå Os. Samstundes har kommunen vore i dialog med Vaksdal om dei kunne tilby PPT. Os har endå ikkje avklara fysiske tilhøve og har ikkje kontorplass til evt. nyttilsette i PPT. Samnanger treng ei operativ PPT frå august og har difor valt å inngå ny avtale med Vaksdal kommune for dei neste fire åra.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaknr. Tittel
0014/07	06/00532 BARNE OG UNGDOMSARBEID. GÅVE FRÅ LERØYFOSSEN A/S
0015/07	07/00034 BRUKARUNDERSØKJINGAR 2007-2008.

0014/07

BARNE OG UNGDOMSARBEID. GÅVE FRÅ LERØYFOSSEN A/S

Framlegg til vedtak::

Administrasjonssjefen rår til at tilskotet frå firmaet Lerøy Fossen AS på kr 20 00, vert delt mellom tiltak for barn og unge i URD ungdomslag og delfinansiering av eit biljardbord for elevane ved Samnanger ungdomsskule.

Handsaming i møte:

Samrøystes

Vedtak:

Administrasjonssjefen rår til at tilskotet frå firmaet Lerøy Fossen AS på kr 20 00, vert delt mellom tiltak for barn og unge i URD ungdomslag og delfinansiering av eit biljardbord for elevane ved Samnanger ungdomsskule.

0015/07

BRUKARUNDERSØKJINGAR 2007-2008.

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta undersøkingane og ønska at særskilt at både skular, barnehagar og sfo hentar ut informasjonen som ligg i undersøkingane, brukar denne og har særleg fokus på brukarmedverking.

Liv Berit Khadoor sette fram følgjande framlegg:

”Utval for oppvekst og omsorg har gått igjennom brukarundersøkingane for sfo, barnehagane og skulane. OO finn informasjonen svært nytting og oppfordrar einingane til å arbeida vidare med dette, gjerne med særleg vekt på brukarmedverknad.”

Vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg har gått igjennom brukarundersøkingane for sfo, barnehagane og skulane. OO finn informasjonen svært nytting og oppfordrar einingane til å arbeida vidare med dette, gjerne med særleg vekt på brukarmedverknad.